

"Han Brøkt med tunga."

Eg kom so sterkt å minnast Deg,  
ei myrk og stormfull natt.  
Det var som om Du sat hjå meg.  
Eg både såg og høynde Deg - -.  
Og minni, dei sit att.

Dei kjem, det eine etter hitt - -.  
Stig fram for tanken klårt  
med snøgge blenk frå livet ditt,  
og talar slik til kjarta mitt,  
at det vertssjukt og sårt.

Du var ein van og vonfull gut,  
med mange rike pund.  
Som Islands Geysir, med sin sprut,  
Du spøk og vitsar slengde ut,  
til kvar ei tid og stund.

Det var kje' greidt å halda mål  
med tappe tunga di.  
Som is og jøkul var ho hål,  
og sleip og ledug som ein ål.  
For blygskap var ho fri.

Du gjorde alt til glis og lått,  
og bort i tøv og tull.  
Det vart silsist so grått i grått  
av lågt og sanselegt og rått.  
Du vaks Deg lik ein null.

Forvrengd til spotteflir og geip  
ho vart, di andlits-bragd.  
Din tale var so rá og sleip,  
som om din hug med jarn og reip  
i Satans vald var lagd.

Kva kunde ikkje Du fått gjort,  
om Gud fekk frelsa Deg - -?  
Og løysa Deg or synd og lort.  
Og ta den svinske hugen bort,  
som sulkar ut din veg - -?

Høyr, dette inkjevetta-liv,  
det fører ikkje fram.  
Om viljelaus Du ligg øg driv,  
og kastar bort ditt dyre liv,  
Du kjem so visst på skam.

Johs. M. L. Rydland.